# Lokal handel på Elins Matgleder – Juletre, julebakst, konfekt og julegåver

04.12.2020



Juletre fra øven kan du kjøpa på Elins Matgleder

Juletresalet er i full gang på Elins Matgleder. Juletrea vert hoggen og henta frå bonde i ølen, slik det har vore dei siste åra. Kjøpar kan velja mellom to storleikar til ulike prisar, anten kr. 600,- eller kr. 700,-. Dersom du kjem utanom opningstida, kan du betala med VIPPS. Viktig informasjon finn du på plakat på døra.

Elin var tidleg ute med julebaksten i år. Det går sædeg mykje på gule bomber og konfekt. Trenden er meir konfekt, mindre kjeks. Alt i oktober starta denne produksjonen. Ho lagar store porsjonar med julebakst, gjerne 30 egg i kvar røre. Julebrød er fast på varesortementet.

Elles er det eit variert og rikt utval i gaveartiklar, interiør og julepynt. Elin pakkar og gjer klar julegaver slik kunden ynskjer å ha det. Gåvekort kan brukast etter eige ynskje.

Tekst/nett: Kristian Bringedal Foto: Elins Matgleder.





Dei siste ara har del vorte laua meir kontekl på Elins Matgleder.